

Handlingsprogram 2021 – 2025

Handlingsprogrammet for Fjord kommune, er basert på det Norddal og Stordal kommune kvar for seg hadde i sine program. Fjord har mange gode anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, i tillegg til kulturbygg.

Etterkvart som anlegga får tilsegn på spelemidlar fell dei ut av handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet er omfattande både på kort og på lang sikt. Det meste av dette gjeld nye anlegg, men også rehabilitering.

Fleire av dei tidlegare innspela har kome som eit ønskje, og ikkje alltid med ein konkret plan om realisering. Difor inneheld det uprioriterte handlingsprogrammet ei rad framlegg til anlegg eller tiltak som kan kome ein gong i framtida. Men når anlegget står på denne lista er det ein kortare veg til realisering, og så snart søknaden om spelemidlar er innsendt vil tiltaket bli flytta opp til prioritert handlingsprogram.

Prioriteringsrekkefølga mellom dei ulike tiltaka/anlegga der søknad er innsendt, blir avgjort i samband med den årlege rulleringa av delplanen, som er ei politisk sak. Her har idrettsrådet høve til å kome med uttale.

Prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg 2024

	Anlegg/tiltak	Ansvarleg	Kostnad	Søknadsbeløp	Status søknad
1	Fleirbrukshall (MLH) idrettshall	Fjord kommune	Godkjent kostnad * kr 30.896.000	Kr 9.700.000 (oppdatert 2022)	Godkjente søknader sidan 2016. 2022: Tildelt kr 3.233.000 2023: Tildelt kr 3.234.000 Gir binding til fordeling av same beløp i 2024.
2	Rehabilitering av skytebane	Valldal Skyttarlag	Kr 1.719.790	Kr 515.000	Godkjent søknad sidan 2020, avslag pga manglande midlar.
3	Rehabilitering av lysanlegg ved Arena Overøye	Stordal Alpinsenter AS	Kr 1.075.000	Kr 350.000	Første gong søkt i 2014. Tidlegare avslag pga manglande dok. Dette skal på plass no.
4	Anlegg for skiskyting, Krikane (Grønningsæter)	Valldal IL	Kr 2.034.600	Kr 678.000	Ny søknad 2022, med utg.pkt i søknad innsendt i 2021.
5	Trasé/skiløype Høghjelle (Grønningsæter)	Valldal IL	Kr 1.162.500	Kr 387.000	Ny søknad 2022, med utg.pkt i søknad innsendt i 2021.
6	Lysanlegg til skiløype, Høghjelle (Grønningsæter)	Valldal IL	Kr 1.020.250	Kr 340.000	Ny søknad 2022, med utg.pkt i søknad innsendt i 2021.
7	Skilting og merking av turstiar i Valldal	Valldal IL	Kr 757.539	Kr 300.000	Ny søknad 2023
8	Fleirbrukshall (MLH), klubbhusfunksjon	Fjord kommune	Godkjent kostnad * kr 4.014.134	Kr 1.000.000	Godkjente søknadar sidan 2016, men avslag pga manglande midlar.
9	Fleirbrukshall (MLH), sosialt rom	Fjord kommune	Godkjent kostnad * kr 2.553.379	Kr 500.000	Godkjente søknadar sidan 2016, men avslag pga manglande midlar.
10	Rehabilitering av garderobar, dusj og badstu v/Stordal skule	Fjord kommune	Kr 8.500.000	Kr 2.834.000	Godkjente søknadar sidan 2018, men avslag pga manglande midlar.
11	Rehabilitering ved Stordalshallen	Fjord kommune	Kr 570.000	Kr 190.000	Godkjent søknad sidan 2020, men avslag pga manglande midlar.

* Kulturdepartementet har godkjent kostnad og søknadssum (2015). Det er ikkje sett opp finansiering for kvar søknad. Anlegget er finansiert med lån kr 53.000.000, kommunalt tilskot kr 19.000 000 og spelemidlar. Det var fem søknadar om spelemidlar knytt til Martin Linge-huset. Kultursal og symjebasseng mottok tilskot frå spelemidlane i 2018-2020. Fleirbrukshall fekk del 1 av tredelt tilskott i 2022 og del 2 i 2023.

Prioritert handlingsprogram for nærmiljøanlegg 2024

	Anlegg/tiltak	Ansvarleg	Kostnad	Søknadsbeløp	Status søknad
1	Etablering av fleiraktivitetsområde	Norddal IL	Kr 872.000?	Kr 299.000	Ny søknad 2022

Handlingsprogram for kulturbygg 2024

Anlegg/tiltak	Ansvarleg	Kostnad	Søknadsbeløp	Status søknad
Rehabilitering og tilbygg Røde Kors-huset	Eidsdal og Norddal Røde Kors	Kr 4.156.874	Kr 982.000	Godkjent søknad både i 2022 og 2023. Første tildeling denne hausten.

KOM = kommune SM = spelemidler PR = private gaver/dugnad/eigenkapital